

Rogaland sau og geit sine krav i forbindelse med jordbruksoppgjeret i 2019

Småfenæringa slit med dårleg økonomi og sakker akterut i forhold til andre grupper i samfunnet. Småfenæringa må prioriteres i årets jordbruksforhandlinger for å få til god økonomi og bærekraftig utvikling. Det er mange plusser med småfenæringa som gode produkter, god helse, friluft og ikkje minst beitende dyr gir oss praktfullt kulturlandskap, levande bygder og er Norges beste ansikt utad.

Vi ynskjer ikkje å ta midler frå eksisterande ordningar men det må finnast friske midler for å auka lønnsomheten i småfenæringa.

1. Markedsballanse

Dei siste åra har det vert stor overproduksjon på lam og sauekjøtt. Vi tror ut fra signala som nå er, at det blir markedsbalanse på lam alt i år og krev at målpris blir oppnådd i årets sesong.

På sauekjøtt må det gjerast ein betydelig innsats for å få solgt kjøttet til ein fornuftig pris til bonde(ca. 20 kr.kg) av dette flotte kjøttet. Forutan å finna nye produkter laga av både ung sau og voksen sau bør det være store eksportmoglegheter av eit produkt som er forå fram på norske kultur og utmarksbeiter.

Rogaland Sau og Geit stiller spørsmål om kva som vil skje om ein tar sauen ut av markedsreguleringa? Er det ikkje slik at dersom ein skal eksportera sau må den vera fersk og utan bruk av omsetningsmidler?

Bonden må kunne vere fleksibel på slaktetidspunkt, samt levere kvalitetessau for å hjelpe slakteria med god kvalitet og spare omsetningsmidler. Bonden må også kunna sortere ut sau som ikkje egner seg til mat.

2. Driftstilskudd

For å kunna driva med småfe må det være lønnsomt. Ein opplever at inntekta stadig blir pressa og skal kompenseres med stordrift. Det er mange viktige gardsbruk som dette ikkje passer for, og pr.i dag er det ikkje forsvarleg å utvide heller. Dei små gardsbruka er likevel enormt viktige for busetjinga og for å oppretthalda eit rikt kulturlandskap.

Vi vil derfor foreslå å innføre ei ny gruppe, og auke driftstilskuddet med 500 kr pr.dyr for dei fyrste 50 dyra. Dette også med tanke på at dette ikkje kjem til å vera produksjonsdrivande.

3. Beitetilskudd

For å oppretthalda dei lange tradisjonane vi har i Norge med å fora fram dyr på **utmarksbeite** er det viktig at dette får auka støtte. Kostnadene til transport, tilsyn, sanking og leie av utmarka øker jevnleg.Vi må konkurrere med jakt og hyttebygging om beiteareala.

Innmarksbeita er viktig for norsk grasproduksjon og opprettholder ett rikt kulturlandskap som framtrer velstelt og fint. Her går beitende småfe til glede for alle og viser fram Norge på ein praktfull måte.

Tilskuddet til småfe på utmarksbeite/innmarksbeite bør aukast med minst kr 15,- pr dyr i 2019.

4. Fornyingsmidler

Mange gardsbruk slit med dårlege og udaterte bygninger. Økonomien tillet heller ikkje det å fornya seg, Rogaland Sau og Geit er einig at Innovasjon Norge ikkje støttar nye som vil starta opp og der ein aukar betydelig med dyr. Slik marknaden er nå er ikkje dette forsvarleg.

Men dersom ein vil fornya seg nokonlunde i tråd med den drifta ein har i dag burde det vore mogleg å søke "Fornyingsmidler"

Rogaland Sau og Geit ønsker att driftsapparat,dyr,gårder og fagkompetanse utvikler seg i riktig bærekraftig retning og forhindre avvikling og nedleggelse av fleire gårder.

Ein vil derfor spela inn behovet for fornyingsmidler i småfehaldet

5.Kvalitetstilskudd

Kvalitetstilskudd på lam o+ bør aukast tilbake til 500 kr. **Det må lønne seg å produsere kvalitet.**

6.Ull.

Ull er eit naturprodukt som ikkje forureiner miljøet slik som for.eks. klær fra kunstfiber. Økonomien i å produsere god ull er ikkje verdsatt nok. Inntektene dekker knapt nok klippinga.

Vi vil foreslå at tilskuddet på ull aukast med kr 10 pr kg i dei beste klassane.

7.Gjerdetilskudd

Vi ønsker beiteme dyr på rett jorde alle plasser. Det er ein formidabel ressurs i beiteareala rundt omkring og dette må utnyttast. Det er kostbart å sette opp og vedlikeholde gjerder ,men alikevel heilt nødvendig for å drive aktiv beiting og hindre gjengroing.

Det bør innførast eit eige gjerdetilskott for alle markslag i forbindelse med jordbruksforhandlingane.

8.Endring av tilskotsone .

Rogaland Sau og Geit støtter krava fra bondelaga i kommunane Bjerkreim, Gjesdal og Strand og innspel frå lokale Sau og Geit lag om å bli flytta frå AK sone 3 fra sone 5B. Dette må gjerast slik at dei kjem i same sone som nabokommunane. Sekundært vert det oppretta ei ny AK sone 3B for desse kommunane med eit arealtilskott på 168 kr per dekar. Dette talet kjem fram med å reversera nedgangen på 20 kr pr dekar frå jordbruksavtala i 2017 og leggja til auken (63 kr) som sone 5B fekk ved jordbruksavtala i 2018.

Rogaland Sau og Geit meiner ei slik endring vil gjera systemet med soner meir rettferdig og viser ellers til vedlegg som bondelaga i desse kommunane har utforma.